



# Møteprotokoll for Styringsgruppe - utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 18.01.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Kommunedelplan kultur, idrett og friluftliv

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Settmedlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Sølvi Vatnøy	KRF	Anne Karin Angelskår Eknes
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marit Gro Berge	SV	Øystein Nigar

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

## Sakliste

**Saknr**      **Tittel**

## Møtereferat

Dato: 18.01.2023

Tid og stad: kl. 09.00- 14.00, Frekhaug

Type møte: styringsgruppemøte i Utval for oppvekst, kunnskap og

Møteleiar:

Bakgrunn: gjennomgang og diskusjon rundt utkast til høyringsforslag av kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

Til stades:

### Agenda:

09:00 Presentasjon barnefamiliepanelet og kort om dei mest brukte talgrunnlaga i planen

09:15 Gjennomgang oppfølging innspel førre møte

09:30 Presentasjon og gjennomgang plandokument

10:30→ Gjennomgang aktivitetar og tiltak og arbeid i grupper.

### Referat

#### **09.00: Presentasjon, statestikk og bakgrunn**

Presentasjon ved kultursjef, Eirik Utne.

- Barnefamiliepanelet
- Kulturindeksen & idrettsindeksen
- Kulturundersøkinga frå 2019 (Respons Analyse sin metode for undersøking): Kort gjennomgang av resultat. Friluftsliv, økonomi, transport til kulturaktivitetar/klima. «Kva er det viktigaste tilbodet?»: tilbod til barn og unge på topp.

#### **09.20 Gjennomgang oppfølging og innspel førre møte**

- Med utgangspunkt i referatet til Line Thuen Waage. Meir detaljert informasjon finn ein i referatet frå 15.11.2022.

### **1. satsingsområde: Møteplassar og aktivitet:**

- Bibliotek
- Ungdom: fritidsklubbar
- Kulturskule: Kommunehuset på Manger, korps/kulturskule, SFO
- Frivilligheita: korleis tilnærmar me oss folk og frivillige? Verdien av innsatsen.

### **2. satsingsområde: Kulturkommune**

- Kulturhus: tomt, møteplass etc.
- Museum: Strilamuseum, Bogatunet etc.
- Informasjon: skilt og merking
- Kunst: fast del til kunst, DKS, DKSS, DKB
- Sambruk, fleirbruk, gjenbruk: Kulturskulen, festival, arr.
- Alver-identiteten
- Seniorpolitikk

### **3. satsingsområde: Inkludering, mangfald, livssyn**

- Inkludering og tilbod: Aktivitetskort
- BUA: Aktivitetskort

### **4. satsingsområde: Attraktivitet og oppleving**

- Går inn i dei andre satsingsområdene
- Satsingar: Nynorskdagane og Alver-dagane, stolpejakt, Reiseliv.

### **09.35: Presentasjon og gjennomgang plandokument**

#### Utforming:

- Format, ingen utgifter til utforminga, dette gjer me sjølve. Bilete kan bli bytt ut. Rekkefølge kan bli endra.

#### Bakgrunn:

- Skal vise kva som styrar oss, regional og nasjonal planlegging. Me skal kort seie noko om dette, men det er ikkje meint som ei lengre utgreiing.
- Skildring av kunnskapsgrunnlaget og korleis me har valt grunnlaget.

#### Overskriftene/satsingsområde

- Overskriftene frå samfunnsdelen + delmål og vegval som er relevante for kultur.

#### Teksten/Hovuddelen

- (idrett t.d.): Me skal ikkje vedta tiltak her.
- Handlingsprogrammet kan bli rullert kvart år med utgangspunkt i oppdraget som er gjeve. Vert rullert etter kvart som mål vert gjennomført. Så kjem den 12-årige delen av planen, kva me skal strekke oss etter.

#### Idrett.

- Kommentar frå styringsgruppa: Planen forsterkar kva samfunnet får, men me må tenkje på konsekvensane av tiltaka. Kva får me ikkje når me får noko anna.
- Moderat om økonomi, meir behov og retning framfor investeringar.
- Mange er opptatt av møteplassar og plassar for eigenorganisert aktivitet.

#### Friluftsliv:

- Overordna, men prøver å vere oppdragsgjevane likevel. Me skal ha gode tiltak. Dømer: Sjøen, bading og badeplass, tilkomst til sjøen.
- Setter oss mål som t.d. sherpatrappar, treng ikkje naudsynt å vere kommunen som bruket pengar på desse tiltaka.

### Musikk og kulturhus

- Kommentar: Kulturhus bør ikkje berre bli kopla til musikk-overskrifta.
- Skal det vere eit eige ark for kulturhus? Gå djupare inn på det. (Eventuelt skrive info om at det kjem meir om dette i tiltaksdelen).
- For eigenorganisert aktivitet er det mangel på lokale for musikk. Stort etterslep på infrastruktur.

### Scenekunst m.m.

- lokale, øving.
- Gå ilag meg IKKUS: korleis kan me få produksjonar hit?

### Kunst

- Retta mot å målet om å vere ein attraktiv kommune.

### Profesjonell kultur og næring

- Kompetanse for kulturlivet vårt og fleire arbeidsplassar innan kulturlivet.
- Internasjonalt samarbeid.

### Arrangement og publikumsutvikling

- Også hovuddiskusjonen i fylket. Korleis får ein folk til å vere publikum?
- Går litt inn i næring. (Vanskeleg å bygge kultur næring utan publikum).

### Kulturarv

- Museum og samlingar kjem her.
- Magasin.
- Døme: Me veit ikkje nok om kva eit nytt museum i Alver skal innehalde eller vere. Difor er ein heller ikkje meir konkret i planen.

### Kulturskulen

- Fleire med i kulturskolen er hovudmålet som kulturskolen føreslår.

### Bibliotek

- Planen vil seie noko om rolla biblioteka skal ha i vårt lokalsamfunn.
- Med mål om å få opp besøkstala.
- Alver skårar bra på litteraturtilbodet.

### Ungdom

- Utgangspunkt i ungdomsrådet g ungdomsinnpela.
- Ungdoms skal bli gjeve ein tydelegare stemme i samfunnet.
- Saknar møteplassar.
- (Ungdata).

### Barnekultur

- Barn har eit eige kulturbehov.
- Tverrsektorielt.

### Seniorkultur

- Det som går på institusjon og helse og generelt i samfunnet.
- Kommentar: Står for lite om tilbod til «yngre eldre». «Alle rockarane har blitt godt over 60 år».

### Inkludering og mangfald

- Senke barrierar, senke terskelen for deltaking.
- Økonomisk situasjon.
- Utstyrssentralar.

### Livssyn:

- Me har ikkje god statestikk å bruke for livssyn. Kyrkja har sin statestikk.

- Me tek utgangspunkt i Bergen kommune sin mangfoldspan.
- Etablere kva rolle kommunen har under dette temaet.
- Det vert styringsgruppa si oppgåve å seie noko om kor detaljert ein skal vere i skildringa av samarbeidet med kyrkja.
- Alver har ikkje eit definert lokale for livssynsnøytrale hendingar.

### Frivilligheit

- Frivilligheit i endring. Vanskeleg å få folk til å forplikte seg fast. Dette er ein lang tendens, ikkje noko nyoppstått. Dette vil planen ta tak i.
- Retningar for frivilligheita si rolle i samfunnet.
- Frivilligheita er fri.
- Frivilligstrategi.

### Klima

- Redaksjonelt arbeid.
- Det lokale.
- Gjenbruk, ta i bruk tomme bygg, før me byggjer nytt.
- Transport, deling, gjenbruk av utstyr.

### Kommentar/etterspørsel

- Jordbruket i kulturlandskapet
- «Vaksenkultur»

PAUSE

---

### **10.40: Handlingsprogram for fire år:** Gjennomgang aktivitetar og tiltak og arbeid i grupper

- Gjennomgang overskrift for overskrift
- Det står ikkje tiltak i planen som ikkje konkret skal bli gjennomført. Det vert heller rullert inn i planen/anleggsstrategien.

- Det som vert vedteke i kulturplanen vert bestilling til arealdelen.

## **Kommentarar frå styringsgruppa etter arbeid i grupper**

### Oppbygging

- Rydde i det som er heilt konkret og tiltak/mål som er meir vage (langsiktig tenking).
- Flytte opp punkt 5 til punkt 1 (Frivilligsentralane i Alver). Svar: Rekkefølge er tilfeldig, det kan bli gjort noko med.
- Ulike omgrep må bli forklart: IKKUS, DKSS m.m. Forslag: Ei side til slutt som forklarar omgrepa. + kjelder.

### Bygdedansen

- Etterlysing: Startpakke for bygdedans, hjelp med å søkje, vakter og liknande.
- Arrangørhjelp, arrangørnettverk. Korleis og kor og kva ein lyt ha løyve til.
- Ein ny måte å arrangere bygdedansen.

### Kommunehuset på Manger og andre møteplassar

- Ein skal kjenne seg velkommen når ein kjem inn på kommunehuset på Manger. Kan ein bruke kulturen til å ynskje velkommen? Stolar, utforming, etc.
- Kva med kjellaren? Vert brukt som arkiv.
- Utleie av kontorlokale? Ein plass for dei som vil lage næring av kultur. Svar= Kan vere på Alversund også.
- Bruke biblioteka som møteplassar. Konsertar, studiestadar. Opningstider. Tilgjengelegheit. Krev meir betening. Meirope. Biblioteket til kulturskulekonsertar.
- Satse på biblioteket som møteplass, som igjen vil generere meir bruk av biblioteket:
- Saknar biblioteket under møteplass-satsingsområdet.

### Sirkulærøkonomi

- Ikkje bygge nytt med ein gong, bruke det me har. (Manger) (Alversund)

### Bibliotek/Bokbuss



- punkt 6. anskaffe ny bokbuss: Skriv «om mogleg» om samarbeidet.
- Punkt 7: kva er oppsøkande formidling? (Nasjonalbiblioteket, for å utløyse tilskotsordningar).

### Frivilligsentralen

- Verkar som om Frivilligsentralane berre er for eldre. Det må bli vist fram at dette ikkje berre er for folk som treng hjelp, men at målgruppa er større. Svar= Me må følgje opp den lokale frivilligheita og dei som er der.
- Fadderordning? Ikkje ein 85-åring som skal ta med seg ein ung person rundt i kommunen, ein må ha frivillige i alle aldrar.
- Ynskjer meir konkrete tiltak i frivilligsentralane. Nye samarbeid, breiare spekter. Yngre frivillige. Nokon som kan møte i del av integrasjonen.
- Tydeleggjere Frivilligsentralane i Alver si rolle: Kanskje «Alver frivilligsentral», dei tre frivilligsentralane ligg i så fall under der.

### Nynorskkommune

- Språksbruksplan: kan ein sette årstalet til 2023?

### Kulturskulen / Friluftsliv

- Kan ein ha friluftsliv som 4H i kulturskulen? Lite friluftslivtilbod for barn. Svar=Ikkje del av kulturskulen sin rammeplan
- Aktivitetsledar, turlaget. Døme: Turboklubbene.
- Etterlyser meir satsing på fritidstilbod for barn.

### Generelle kommentarar/spørsmål/anna

- Har de ein plan for å fortelje om arbeidet med kulturplanen/kulturavdelinga gjer?
- Korleis skal me formidle alt det gode arbeidet kommunen gjer med kultur i Alver.
- Rullering: Kan opp til vurdering kvart år, sjå om ein når måla osv.
- Tiltrår at planen skal ut på høyring i 6 veker.
- Løa i Alversund, må bli teke vare på, må ikkje bli satt opp?

**Kommentarar i tiltaksdelen av planen. Her er det berre teke med tiltak det er kommentert på. Nokre av kommentarane er lista opp over.**

## KULTUR- OG IDRETTSKOMMUNEN

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad	Kommentarar frå styringsgruppa
Støtte museumsfeltet	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Bidra økonomisk til naturrom Lygra</li> <li>2. Støtte arbeid med migrasjonssener Sletta</li> <li>3. Sjå etter høve for tomteplassering til regionalt magasin i Alver, og</li> <li>4. Styrke formidlinga ved lokale mindre museum</li> </ol>	<p>2023-24 2025-26 2023-24 2024</p>	<p>Økonomiplan/tilskotshandsaming Samarbeid MUHO KPA og tilgjengelege tomter</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Styrke formidling: ta inn noko om digitalisering, QR-kode og liknande. «Museet kan vere ute i landskapet».</li> <li>● Steinhellestien, er det gjort vedlikehald? Svar: Den er rydda, men ikkje noko meir. Kan ein gjere noko med digitalisering der? Meir tilgjengeleg formidling=digitalisering.</li> <li>● Geo-tagging, stolpejakt, QR-kode. «kulturarv-stolpejakta».</li> <li>● Aktivitet hjelp på for å få folk ut.</li> <li>● «Utemuseum», samarbeid med biosfære?</li> <li>● Uteklasserom: digital formidlingskasse. Ressurs for skulen. Svar=BUA</li> <li>● Museum og kulturarv går litt inn i kvarandre her.</li> </ul>

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad	
Frivilligsentralane i Alver	<p>Samordning og felles profilering av frivilligsentralane</p> <p>Vidareutvikle lokala som frivillighetshus for sine nærområde</p> <p>Etablere medverknadsorgan for sentralane</p> <p>Styrke frivilligsentralane som møteplassar mellom offentleg og frivillig sektorar, og som kommunale fagressursar for frivillighetsfeltet</p> <p>Utarbeide frivilligstrategi for Alver</p>	<p>2023</p> <p>2023</p> <p>2023</p> <p>2024</p> <p>2024</p>	<p>Drift</p> <p>Drift, økonomiplan, vedlikehaldsplan</p> <p>Drift</p> <p>Drift</p> <p>Drift</p>	<p>Flytte punkt 5 øverst. Svar: rekkefølge er tilfeldig, det kan bli endra.</p>
Innovasjon og pilotering som utviklingsverktøy	<p>Utarbeide strategidokument for kulturutvikling og - innovasjon</p> <p>Nytte IKKUS-samarbeidet som arena for utvikling og samarbeid</p> <p>Satse på frivillig- og utstyrssentralane som innovatørar og utviklarar av nye tilbod</p> <p>Støtte og samarbeide med organisasjonsliv og næringsliv i utvikling av nye tilbod og løysingar</p>	<p>2024</p> <p>2023</p> <p>2023</p> <p>2023</p>	<p>Drift</p> <p>Drift</p> <p>Drift</p> <p>Drift</p>	
Tilskotsordningar og stipend	<p>Styrke breie målretta tilskotsordningar til kultur og idrett, for frivillig kulturretta sektor, amatør, profesjonell og kulturnæringar</p> <p>Etablere kulturskulepris</p> <p>Gjennomføring av forskottering for spelemidlar til mindre kultur- og nærmiljøanlegg</p>	<p>2025</p> <p>2024</p> <p>2025</p>	<p>Økonomiplan</p> <p>Drift</p> <p>Økonomiplan</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturskulepris: Kva er det? Kulturskulen vil utvikle dette. Ein pris som motiverer, inspirerer.</li> <li>• Kommentar: Ungdomsspris som ikkje berre er knytt til musikk.</li> </ul>

Nynorskommune n Alver	Utarbeide språkbruksplan Nynorskdagane som større kommunal kulturfestival	2024 2023	Drift, tverrsektoriell arbeid Drift, økonomiplan	- Kan endre årstal til 2023
--------------------------	--	--------------	---	-----------------------------

## MØTEPLASSAR OG AKTIVITET

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad
Møteplassutvikling Manger kommunehus	<p>Ta i bruk opprusta kinosal til film, konsertar og samlingar</p> <p>Greie ut areal til bibliotek, kulturskuleundervising og frivilligsentral, med mål om å flytte desse til delar av bygget</p> <p>Vidareutvikle utstyrssentral som del av bygget</p> <p>Førebu møteplass uteareal</p>	<p>2023</p> <p>2023</p> <p>2023</p> <p>2024</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ein skal kjenne seg velkommen når ein kjem inn på kommunehus. Kan ein bruke kulturen til å ynskje velkommen? Stolar, utforming, etc.</li> </ul>
Ungdomskommunen	<p>Utvikle ungdomsklubbane som kraftsenter for ungdom og barn i lokal- og kommunesenter, med breie lokale samarbeid</p> <p>Utvide opningstider på klubbane, inkludert juniortilbod</p> <p>Flytte ungdomsklubb frå Alversund til Knarvik, samarbeide med VGS, kyrkja og bibliotek om etablering</p> <p>Gjennomføring av flytting Entry til Ostereidet</p> <p>Styrke ferieaktivitetar</p> <p>Lokal styrking av open hall i lokal- og kommunesenter</p> <p>Vidareutvikle samarbeid UngAlver / SALTO</p>	<p>2024</p> <p>2024</p> <p>2024</p> <p>2023</p> <p>2024</p> <p>2024</p> <p>2023</p> <p>2023</p>	<p>Ostereidet: Kva ligg bak flyttinga av klubben? = utfordringar med lokale pga. ulike krav m.m.</p>

	Ungdomsklubbane som kommunens arena for sosial gaming, i samarbeid med tilbud i frivilligheita		
--	--	--	--

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad
Friluftskommunen - oppfølging av større tiltak temaplan friluftslivets ferdselsårer	Grusing av turveg Byngja Badstue Byngja Konseptprosjekt sherpatrappar Eldsfjellet og Indregardsfjellet, i samarbeid med frivilligheit og næringsliv Etablering av parkeringsplassar Etablering av mindre flytebryggar og utsettingsplattformer for kajakk	2023 2024 2024 2024 2025	Forskuteringar må til her. Slik som med dagsturhyttene.
Friluftskommunen	Gjennomføring av mindre tiltak temaplan friluftslivets ferdselsårer Etablering av mobile tilbud og satelittar utstyrssentralane Etablere aktivitetar i samarbeid med frivilligheita Kano-/kajakkhengarar Utstyrssatelittar ved anlegg Hentepunktar lokalsenter- og kommunesenter når høg aktivitet Samarbeid Nordhordlandsregionen	2023 2023 2023 2024 2023 2025 2024 2023	Håhøy: Kva skal bli gjort her? Dei får tilskot frå kommunen.  Badeplass/Ferjekaien, kan ikkje bruke den.  Skøytebane, BUA.

	<p>Støtte arbeidet med kommandantbustaden på Håøy, og sikre breie samarbeid om bruk</p> <p>Vidareutvikling av friluftsområda ved sentera</p> <p>Kartlegge sikringsbehov nye område ved sentera</p> <p>Førebu utvikling av friluftsområde ved sjø Knarvik og Lindås</p> <p>Konsept ny løysing for turvegprosjektet på Frekhaug</p> <p>Utvikle dagsturhyttene som regionale turmål</p>		
--	--	--	--

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad
Levande samfunnshus i bygdene	<p>Utarbeide strategi for utviklingssamarbeid - tilbud og kompetanse i samfunnshusa</p> <p>Rullere anleggsstrategi med prosjekt i lokale kulturbygg</p>	<p>2024</p> <p>2023</p>	<p>Kva er behova deira? (samfunnshusa). Me må finne ut det ilag med dei.</p> <p>Spørsmål: Korleis får dei pengar til å drifte huset?</p> <p>Ligg husa i samfunnsplanen? Det må vi ta ein sjekk på.</p>

Mellombels bruk av gamle Alversund skule	Halde fram utleige til aktivitet for frivilligheita og kulturnæringar i påvente av reguleringsarbeid Sjå kostnader og ordningar for etablering av enkle ventilasjonstiltak kunst/handverkssalar Etablere eigne mindre utleigearealer for kulturnæring og grunderverksemd Samarbeid med leigetakarar om mindre tiltak i bygget	2023 2023 2023 2023	
--	--	------------------------------	--



## INKLUDERING, MANGFALD OG LIVSSYN

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad
Senke tersklar for å delta	<p>Vidareutvikle utstyrssentralane og frivilligssentralane som inkluderingsaktørar, særleg for låginntektsgrupper og flyktingar</p> <p>Søkje etter etablering av aktivetskort Alver og opprette fleire friplassar for låginntekt</p> <p>Ny løysing for turveg Frekhaug</p> <p>Styrke innsatsen for inkluderande sosiale arenaar og tilbod</p> <p>Utarbeide demokrati- og medverknadsstrategi for ungdom</p>	<p>2023</p> <p>2024</p> <p>2024</p> <p>2023</p> <p>2024</p>	
Musikkterapisenter Alver	Samordne arbeidet innan helse, kulturskule og helsehuset med mål om heilskapleg utnytting av ressursar og kompetanse	2024	Drift
Digital formidling og system	<p>Inkluderande formidlingsløysingar med basis i nye publikumssystem bibliotek</p> <p>Utvide bruk av fjerntilgang utstyrssentralane</p> <p>Auka informasjonstiltak på ulike plattformar</p> <p>Læringsplattform kulturskulen</p>	<p>2024</p> <p>2023</p> <p>2023</p> <p>2024</p>	Kommentarar på digital kulturarv kjem inn her.
Jobbtilbod for ungdom	Lokal styrking av Ungjobb og tverrsektorielt samarbeid for arbeidstilbod for ungdom	2024	Drift, større styrking er økonomiplan

## DEI STORE SPØRSMÅLA

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad
Kulturhus i sambruk med ny vidaregåande skule	Intensjons- og kartleggingsprosess i lag med VLFK Etablere breitt og inkluderande samarbeid med næringsliv og frivilligheit Oppdatere behov, funksjon og romprogram Analysere moglege tomtealternativ i lag med samarbeidspartar Vurdere etablering av intensjon og tidsplan for etablering av kulturhus i lag med samarbeidspartar	2023 2024 2024 2024 2024	Kommentar: Må komme meir fram i teksten. Innan for fleire sjangrar, ikkje berre musikk.
Berekraft og reduksjon av klimagassutslepp	Utarbeide kulturmiljøplan som strategigrunnlag for gjenbruk av eksisterande bygningsmasse Utstyrssentralar som utsleppsreducerande tiltak, i samband med Miljøløftet og grønn mobilitet Prosjekt berekraftspartnarar for samarbeid om utstyrssentralar og delingsordningar Fastsetje miljøkrav for arrangørar i kommunale anlegg og for tilskotsordningar Tiltak idrettsanlegg for å støtte miljøkrav	2022 2023 2023 2023 2023	

Aktivitet	Tiltak	Oppstart	Føresetnad
-----------	--------	----------	------------

Etablering av svømmehall i Knarvik	Følgje opp intensjonsvedtak tomt og samarbeid Aktivt støtte Alverbadet i arbeidet med å jobbe fram svømmehall Legge tilrette for dialog mellom idrett, Alverbadet og kommunen for etablering av driftsmodellar	2022 2023 2023	
Nasjonalpark Masfjordfjella	Kartlegging av naudsynt tilrettelegging, og førebuing av kunnskap til forvaltingsplan Forbetre tilkomst til Fjelde gard, opne låa på garden og sjå etter frivillig engasjement for hovudhuset, i samarbeid med turlaget og Eviny.	2024 2023	Korleis er standen til Fjelde gard? =God. Dei kan ikkje gje den til Alver kommune.

